

## REKVEMYLNA

**Kjem du opp i tunet på REKVE, nokre kilometer frå Bulken, der vegen tek av til Giljarbus, møter du ikkje lenger «mylnaren», KNUT HERNES, i den gamle bygdemølla. Tidlegare tok han imot, venleg og gjestfritt, og viste om i anlegget som hadde vore arbeidsplassen hans ein mannsalder. Lett på foten som ein ungdom kleiv han i bratte stigar høgt opp i fossen, for å sleppa vatnet på kvernkallen.**



Rekvemylna er ei av dei siste vassdrivne bygdemøllene som har vore i drift på Vestlandet heilt fram til våre dagar. Men i dag er den jamne duren frå kvernsteinane sjeldan å høyra. Heilt til byrjinga av 1980-åra var Knut Hernes enno i full sving med leigemaling av korn for vossbøndene. Inne ved kverna i første høgda kunne du møta den gamle mylnaren, kvit av mjølgøv, mellom kornsekker og mjølsekker. Hundre tonn for året mol han på det meste. I mange år var det kontrakt med Statens kornforretning om leigemaling.

Rekve vart freda i 1978; eitt av dei mest interessante tekniske kulturminne vi har av denne typen: mølle og kvern i første høgda, verkstad i andre og eit lite husvære på loftet. Knut Hernes bygde også opp att den gamle vadmålsstampa, som var driven av eit eige vasshjul. Stampa stod tidlegare lengre opp i elva, og der stod det også ei oppgangssag. Etter ein

stor flaum i 1906 vart stampa flytt ned til mølla i fossen. Alt på 1700-talet ser vi at dei reformvennlige embetsmennene i Det Nyttige Selskab premierte ein sjølv-eigarbonde frå Voss, LARS GILJARHUS, for

eit anlegg med kombinert sag, kvern og valkemølle (vadmålsstampe) drive av eitt vassfall: eit føredøme på god ressursutnytting. □



Møllene på Rekve kring 1890.



Frå Dyrvedalen.

## BYRKJEHAUGEN

På garden Bø, tett ved riksvegen mellom Bulken og Voss ligg Byrkjehaugen, ein av dei største gravhaugane på Vestlandet. Opphavleg har han vore nær 50 m i tverrmål og 5 m høg, men etter utgraving i 1908 og avskaving både ved jernbane- og vegbygging, har tverrmålet minka til 37 meter og høgda til 4. Likevel er det eit staseleg gravminne den vegfarande her har for augo.

I haugen fanst tre graver frå folkevandringsstida. Øvst låg ei steinkiste der ein mann var gravlagd. Han låg på ein bjørneskinnsfell. Under kista fanst eit brannlag med restar frå eit likbål. Den brende var ei

kvinne. Ho har vore kledd i sin beste stas og sveipt i bjørneskinn før ho vart brend. På botnen av haugen fanst endå ei kvinnegrav. Her var delar av skjelettet bevart, og ein fann restar av skinn, teppe og klede.

Det er liten tidsskilnad mellom den første og den siste grava. I alle tre fanst leirkrukker, så like i form og dekor at vi må tru dei har tilhørt same familien. Og slik er også funnet frå Byrkjehaugen tolka – som ei familiegrav for husfolket på Bø i siste halvdel av 500-talet.

Det veldige gravminnet vitnar om velstand og makt langt utover det vanlege. Og

namnet Bø syner at vi her har føre oss ein av dei eldste gardane på Voss. Opphavet ligg langt attende i tida, truleg ei god stund før Kristi fødsel.

